

SAK 11/25 BUDSJETT 2026 OG ØKONOMIPLAN 2026 – 2029 – REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL
Saksopplysning:

Regionrådet utarbeider kvart år eit driftsbudsjett og ein økonomiplan for den kommande fireårsperioden. Årsbudsjett og økonomiplan skal vedtakast av Hallingtinget. Driftsbudsjettet for 2026 tek utgangspunkt årsbudsjett 2025, rekneskap for 2024 og vedtak fatta i driftsåret 2025.

Det er lønnskostnadene som er den største utgiftsposten på driftsbudsjettet. Her er oversikt over dei stillingane som er knytt til Regionrådet frå 2026. Budsjett for etablersenteret kjem som eige sak.

Stilling	Stillingsprosent	Kommunal finansiering	Anna finansiering	Merknad*
Dagleg leiar	100%	100%		
Regionalforvaltar	100%	65% HUR*	35% prosjekt	15% HUR
Klimakoordinator	100%	50%	50% prosjekt	
Sirkulærøkonomi	100%		100% prosjekt	Viken fylkeskommune
Etablersenteret	100%	87%	13% fylket	Nesbyen ønskjer ikkje å delta i 2026
Grunderprosjektet	20%		100%	

Disposisjonsfond:

Disposisjonsfondet var pr. 31.12.2023 på kr. 1 474 323,47, inkludert overskotet på nesten kr. 900 000 frå 2024. Det vart ved regnskapsavslutning 2024 sagt at overskotet skulle overførast til disp. fond slik at det kan nyttast til å redusere den kommunale innsatsen på neste års budsjett.

Hallingtinget har tidlegare rådd til at Regionrådet sitt disposisjonsfond skal vera på minimum kr 800.000 ved starten av året for å kunne dekke oppdukkande behov som ikkje er budsjetttert.

Dei seinare åra har det vore noko mindre enn kr. 800 000.

Dagleg leiar foreslår at disp. fondet blir ståande på kr 700 000 i 2026, og at resterande blir overført til regionplanmidlar på denne måten:

Disposisjonsfond i dag	kr.	1 474 323,47
Overføring til Regionplan	kr	774 323,47
Foreslått disposisjonsfond frå 1. januar 2026	kr	700 000,00

Regionplan for Hallingdal:

Regionplan for Hallingdal er den overordna planen for arbeidet til Regionrådet. Midlar til gjennomføring av Regionplan har dei siste åra vore finansiert med kr. 900 000 frå kommunane. Dagleg leiar foreslår å vidareføre dette nivået i 2026.

Forslaget er å overføre kr. 774 323 frå disposisjonsfond til Regionplan og så supplere med kr 125 677, slik at summen blir kr 900 000.

Eigeninnsats og prosjektmidlar

Regionrådet hentar omlag 1 – 1,5 mill. pr.år, frå andre aktørar til ulike tiltak som står i Regionplanen. I 2025 vart dette beløpet større fordi det var større grad av øyremarka midlar finansiert av fylket, fond og stiftingar. I budsjettet har me lagt inn inntekt på kr. 500.000 som skal dekke delar av lønnskostnadene på regionalplanleggaren og klimakoordinatoren.

Innsatsen til Ungt Entreprenørskap har auka med kr. 180 000 frå kr. 300 000 til kr. 480 000. Årsaka er at tiltaket ikkje har vore budsjettjustert sidan 2018.

Tilskot frå kommunane, inkl. finansiering av Strategisk plan Hallingdal og «Ungt Entreprenørskap» er budsjetttert med kr. 3. 005.000, som er ei reduksjon på om lag 19% frå 2025. Ein må vera oppmerksam på at dette er spesielt for dette året

Samandrag økonomiplan 2026 - 2029

TILTAK	2026	2027	2028	2029
Driftsbudsjett	3 005 000	4 000 000	4 150 000	4 300 000
Tiltak Strategisk plan (ordinær løyving)	125 677	900 000	900 000	900 000
Disposisjonsfond	0	0	0	0
SUM	4 860 677	4 900 000	5 050 000	5 200 000

Finansiering

TILTAK	2025	2026	2027	2028
Kommunane, driftsbudsjett	2 880 000	3 100 000	3 250 000	3 400 000
Eigeninnsats	500 000	400 000	500 000	500 000
Renter	756 000	500 000	400 000	400 000
Kommunane, disposisjonsfond	0	0	0	0
Kommunane, tiltak Strategisk plan	125 677	900 000	900 000	900 000
SUM	4 261 000	4 900 000	5 050 000	5 200 000

Fond

Regionrådet har ei rekke fond og prosjektmidlar. For å få ei betre oversikt over desse, vil me i år legge fram ei liste over alle fond og eit forslag til korleis ein kan få det litt meir oversikteleg. Fonda/prosjekta er lagt fram i vedlegg 3. Der ligg også forslag til korleis ein kan rydde opp i fondsporteføljen

Forslag til vedtak

- Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek følgjande forslag til finansiering av regionalt arbeid:
 - driftsbudsjettet 2025 for Regionrådet, med ei kommunal finansiering på kr. 2 980 000
 - gjennomføring av tiltak i strategisk plan med ei kommunal finansiering på kr. 125 667
 Totalt er det framlegg om kommunal finansiering på kr. 3 105 667 som er ein reduksjon med om lag 19% for førre år. Reduksjonen er ekstraordinær for 2026.
- Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir på kr. 700 000 for 2026 og at ein går attende til vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2027.
- Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 350.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettet.
- Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 350.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
- Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2026 – 2029
- Hallingtinget vedtek å rydde opp i fondsporteføljen i trå med vedlegg 3 i budsjettsaka.

Hallingdal 22. okt. 2025

Jan Olav Helling
 Dagleg leiar

Vedlegg 1: Forslag til driftsbudsjett for 2025.

Vedlegg 2: Forslag til kostnadsdeling, mellom kommunane for 2025

Vedlegg 3: Fondoversikt

Vedlegg 1:
ADMINISTRATIV DEL

KONTO	TEKST	BUDSJETT 2026	BUDSJETT 2025	REKNESKAP 2024
10100	Løn	1 930 000	1 850 000	1 857 340
10900	Pensjon	320 000	305 000	305 157
10990	Arbeidsgivaravgift	240 000	230 000	262 178
11000	Kontormateriell	0	5 000	0
11501	Bevertning	19 000	10 000	23 463
11209	Andre utgifter	10 000	10 000	9 873
11300	Porto	1 000	1 000	1 096
11301	Telefon	5 000	5 000	10 276
11402	Profilering	5 000	5 000	50 000
11500	Kurs, konferansar	20 000	20 000	17 261
11600	Reiseutgifter, adm. Inkl.11702, 11703	30 000	30 000	40 828
11900	Husleige	120 000	90 000	152 264
11951	Lisensavgifter inkl 11953	50 000	70 000	44 757
12000	Inventar og utstyr inkl.12002	15 000	10 000	14 846
12700	Konsulenttenester	270 000	270 000	390 702
13750	Rekneskapsføring/revisjon, konsulent	35 000	65 000	0
SUM		3 070 000	2 976 000	3 180 041

POLITISK DEL

Konto	Tekst	Budsjett 2026	Budsjett 2025	Regnskap 2024
10800	Godtgjersle leiar	60 000	60 000	60 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	10 000	10 000	15 517
11151	Bevertning	120 000	100 000	122 235
11209	Ymse utgifter Regionrådet	10 000	14 000	550
11500	Opplæring	0	0	8 767
11600	Reiseutgifter inkl.11703 og 11900	120 000	170 000	89 190
11950	Kontingent Fjellregionsamarbeidet 889	60 000	60 000	57 000
14700	Tilskot "Dølaminne"	6 000	0	6 000
	Drift Hallingdal Ungdomsråd 876	200 000	180 000	180 000
14700	Ungt entreprenørskap	480 000	300 000	300 000
SUM		966 000	894 000	886 860
TOTALT		4 136 000	3 870 000	4 066 901

INNTEKTER

Konto	Tekst	Budsjett 2026	Budsjett 2025	Regnskap 2024
17300	Frå andre	400 000	500 000	0
17500	Frå kommunane etter fordeling, drift	2 500 000	2 670 000	2 702 890
17500	Tilskot kommunane Ungt entreprenørskap	480 000	300 000	300 000
19000	Renter av bankinnskott	756 000	400 000	1 603 902
SUM		4 136 000	3 870 000	4 628 236

Vedlegg 2

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL, FORDELING AV KOSTNADER FOR 2026

FORDELING AV KOSTNADER TIL DRIFT:

30 % flat fordeling

70 % etter folketal (utgang 2. kvartal 2025)

BUDSJETT 2 980 000

FORDELING KOSTNADER REGIONPLAN

Fordeling er gjort etter folketal utgang 2. kvartal 2025

BUDSJETT 125 677

DISPOSISJONSFOND

Fordeling er gjort etter folketal utgang 2. kvartal 2025

BUDSJETT 0

KOSTNAD PR. KOMMUNE:

Kommune	Innb.	1.1-30.6	1.7-31.12	Regionplan	Disp.Fond	Totalt 2026	Totalt 2025
Flå	1122	125 073	125 073	6 617	0	265 448	307 673
Nesbyen	3268	226 582	226 582	19 273	0	488 172	605 614
Gol	4884	303 022	303 022	28 804	0	655 890	830 189
Hemsedal	2683	198 911	198 911	15 823	0	427 458	520 508
Ål	4823	300 136	300 136	28 444	0	649 559	827 673
Hol	4530	286 277	286 277	26 716	0	619 150	778 343
SUM	21310	1 440 000	1 440 000	125 677	0	3 105 677	3 870 000

Vedlegg 3

FONDSOVERSIKT REGIONRÅDET

PROSJEKT	NAMN	SUM	HANDLING
		PR.DATO	
809	Bulyst programmet	-361 574	Avsluttast. Rest overføres til 846
821	Idretts og kulturaktiviteter	-10 000	Spons av barn og unge. Tilførast frå Vidju
822	Jobb i Hallingdal	23 400	Avsluttast. Blir gjort opp frå 835
825	Høgskuletilbod	-1 200 000	Nyttast til å dekke utgifter til Campus H
830	Is riksveg 7	-138 013	Nyttast til å dekke drift av samferdselsutval
835	Regionplan	-833 886	Tilførast kvart år frå kommunane
836	Ungt Entreprenørskap	480 000	Avsluttast. Ligg i drift
837	Yrkesmessa	-62 289	Ut og inn konto for yrkesmessa
838	Internasjonalt kommunenettverk	-183 300	Må truleg betalast attende til fylket
844	Hallingdal - bærekraftig reisemål	-31 459	Avslutt eller vidareføre. Kommunane avgjer
845	Forsikringar	-352 130	Blir tappa med ca 120 00 pr år
846	Bu- og Blilyst	-488 403	Nyttast til bu og blilyst tiltak
850	Sats på Hallingdal	-187 990	Avsluttast. Ev rest går inn på 878
852	Visit Hallingdal (kva skjer)	81 732	Avsluttast. Blir gjort opp frå 835
860	Hallingdal Berekraft	-200 000	Drift av berekraft Hallingdal
866	Trainee Hallingdal	-67 764	Ut og inn konto for traineeordninga
869	Campus	-269 553	Avsluttast. Rest går inn på 825
870	Historia om Hallingdal	-21 488	Avsluttast. Går inn i drift
876	Hallingdal Ungdomsråd	-159 117	Ut og inn konto for HUR
878	Regionalt næringsfond	-1 457 806	Nyttast til næringsutvikling
885	Hallingdal/Kva skjer	1 047	Avsluttast. Rest går inn på 852
888	Reine elver	-92 982	Avsluttast. Rest går til 895
890	Breiband Hallingdal	-6 295 897	Ut og inn konto for breiband.
891	Regionrådet, politisk del	169 973	Drift
892	Regionrådet, adm. del	1 400 690	Drift
893	Sirkulærøkonomi	-803 189	Ut og inn konto for sirk. prosjektet
895	Klima og energiplan	-370 954	Nyttast til klimatiltak
896	Klimakoordinator	620 374	Ut og inn konto for klimakoorinator.